

 <b>TROMS fylkeskommune</b> <b>ROMSSA fylkkasuohkan</b>		Dok.id.: 2.19.1.5.1.4.1	
<b>Tromsdalen videregående skole</b>			
<b>F-P-Hva sier lovverket om foreldresamarbeid?</b>			Dok.type: <b>Prosedyre</b>
Utgave: 1.00	Skrevet av: Torill Hvalryg	Gjelder fra: 05.02.2015	Godkjent av: Torill Hvalryg
			Sidenr: 1 av 2

## Forskrift til opplæringsloven

### § 20-4. Foreldresamarbeid i vidaregåande opplæring

Skolen skal halde kontakt med foreldra til elevar som ikkje er myndige etter verjemålslova § 1 gjennom heile opplæringsåret.

Skolen skal i starten av opplæringsåret på Vg1 og Vg2 halde eit foreldremøte der foreldra informerast om skolen, innhaldet i opplæringa, medverkinga til foreldra, rutinar og anna som er relevant for foreldra.

Foreldra til ikkje myndige elevar på Vg1 og Vg2 har første halvår av opplæringsåret rett til minst ein planlagd og strukturert samtale med kontaktlæraren om korleis eleven arbeider dagleg og eleven sin kompetanse i faga. I tillegg skal kontaktlæraren samtale med foreldra om utviklinga til eleven i lys av opplæringslova § 1-1, generell del og prinsipp for opplæringa i læreplanverket. Samtalen skal klargjere korleis eleven, skolen og foreldra skal samarbeide for å leggje til rette for læringa og utviklinga til eleven. Eleven har rett til å vere med i samtalen med foreldra. Samtalen kan sjåast i samanheng med samtalen med eleven etter § 3-11 tredje ledd og halvårsvurdering i fag etter § 3-13.

Foreldra til ikkje myndige elevar skal få munnleg eller skriftleg:

- a)varsling om eleven sitt fråvær
- b)varsling dersom det er fare for at det ikkje er grunnlag for vurdering i fag, orden og oppførsel eller fare for at eleven kan få karakteren nokså godt eller lite godt i orden eller oppførsel, jf. § 3-7
- c)informasjon om eleven og foreldra sine rettar etter opplæringslova og forskrifta
- d)anna viktig informasjon om eleven, med mindre denne er underlagd teieplikt etter anna lovgiving.

*0 Tilføyd ved forskrift 7 juli 2010 nr. 1081 (i kraft 1 aug 2010).*

## Kryssreferanser

<b>F-P-Hva sier lovverket om foreldresamarbeid?</b>	Versjon.: <b>1.00</b>	Dok.id.: 2.19.1.5.1.4.1
		Side : 2 av 2

## Eksterne referanser